

# Vestlandsrådet

**Saksutredning:**

## **MARIN STRATEGI FOR VESTLANDET**

---

**Trykte vedlegg:**

**Utrykte vedlegg:**

---

### **Bakgrunn for saka**

Vestlandsrådet gjorde i møte 14. mai 2013 følgende vedtak i VR-sak 11/13 «Overordna marin og maritim strategi for Vestlandet»:

1. Det videre arbeidet begrenses til en marin strategi.
2. Det bevilges kr 150 000 til arbeidet.
3. Saken følges opp av Fylkesrådmannen.

I denne saka følges dette opp.

I forberedelsen til saka er det avholdt møter med 10 næringsaktører/organisasjoner for å sikre gode innspill til strategien. VestMarin har vært sentral i arbeidet i tett samarbeid med fylkeskommunene.

### **Ei marin klynge i verdensklasse**

#### **Vestlandsrådet sitt engasjement for marin sektor og sjømatnæringa 2014-2020**

##### **Innleiing**

##### **Vestlandet – eit nasjonalt tyngdepunkt**

Vestlandet har ein unik posisjon globalt sett innan marin forskning, forvaltning og næringsliv. Den marine klynga på Vestlandet er mellom dei mest komplette klyngene i Noreg, saman med maritim og offshoreverksemd. Det er viktig å merka seg at både det marine næringslivet, FOU-miljøa og forvaltninga i regionen er internasjonalt leiande. Vestlandet er og sentral i forvaltingsplanar og kunnskapsutviklinga for havområda våre. Vestlandsrådet sine nøkkeltal for marin sektor viser at den marine klynga omset for 71 mrd NOK og gjev ei verdiskaping på 12 mrd NOK. Dette utgjer 56 % av verdiskapinga frå marin næring i Noreg. Fleire sentrale rapportar som "Hav 21" og "Verdiskaping basert på produktive hav 2050" og stortingsmeldinga "Verdens fremste sjømatnasjon», peikar på den industrielle styrken og vekstpotensiale i dei marine næringane. Ei utfordring for

# Vestlandsrådet

næringa er difor å realisera auka vekst og verdiskaping i kombinasjon med endå sterkare krav til bærekraft m.a. relatert til miljø, sjukdom, fôr og avl.

## *Kunnskap og teknologi*

Sjømatnæringa er ei kunnskaps –og teknologiintensiv næring som treng å rekruttere folk frå mange ulike fagmiljø. Den marine næringa er og ein viktig brukar av nye teknologiar som bioteknologi /materialteknologi, nanoteknologi og IKT. Det er difor viktig å oppretthalda og vidareutvikla studietilbodet innan marin sektor med gode koplingar inn mot andre sterke ingeniørutdanningsløp i regionen.

## *Arealkonkurransen*

Den marine delen av kystsona blir utsett for sterkare konkurranse om areala. Tilgang på gode oppdrettslokalitetar er i dag ein knappheitsfaktor for vidare utvikling av havbruksnæringa. Nye teknologiske løysingar og driftsmodellar innan dagens verdikjeder vil redusera dei miljømessige påverknadane. Auka bruk av fjordane og kystområda til "matfjordar" vil kunne vidareutvikla Vestlandet sin leiane posisjon innan marin matproduksjon. Forutsigbare rammevilkår for vekst vil vera sentrale. Kunnskapsbasert forvaltning er avgjerande for å finna gode løysingar og førebyggja framtidige konflikter. Målet bør vera å få best mogeleg kunnskap tilgjengeleg for offentleg forvaltning for bruk av våre marine ressursar.

## *Transportinfrastruktur*

Samferdsel og transportinfrastruktur er viktig offentleg tilrettelegging for å oppnå regional utvikling og vekst. Det har lenge vore eit mål for norske myndigheiter å kanalisera meir av godstrafikken til sjøs, utan at ein har lukkast. Marin næring har allereie mykje av transportinfrastrukturen sin til sjøs og denne bør vidareutviklast. Med ei aukande satsing på marin verdiskaping og utnytting av ressursane i havet må innsatsen for å etablere ein effektiv logistikk og høve for framkomst i kyst og havområde aukast. På sikt kan det og verta opna opp for nye globale verdikjeder i sjømatmarknadar som i dag har dårleg utvikla infrastruktur for distribusjon av sjømat.

## *Global matleverandør*

Noreg er i dag ein av verdas største eksportørar av sjømat og sjømatnæringa har ei betydeleg rolle som ein global matleverandør. Noreg har som ambisjon å vera ein sentral bidragsytar til internasjonal kunnskapsoppbygging av marine økosystem og prosessar. Vestlandet, med den internasjonale sjømatnæringa vår og leiande marine forvaltings – og forskingsmiljø, bør ha som mål om å bidra aktivt i den internasjonale forskingsfronten. Vestlandet bør vera ein pådrivar i utforsking av havmiljø og hav/ kystressursar i område i verda som har store marine ressursar. Globalisering er og ei viktig drivkraft for auka kunnskapsutveksling og innovasjon.

## **Bakgrunn, forankring og verkemiddel**

Fiskeri og kystdepartementet la i mars 2013 fram St. Melding 22 «*Verdens fremste sjømatnasjon*». Denne omhandlar rammevilkåra for å vidareutvikle norsk sjømatnæring. I arbeidet med innspel fram mot meldinga, har Vestlandsrådet vore oppteken av at det også vert lagt til rette for vidare utvikling av marin sektor her på

# Vestlandsrådet

Vestlandet, slik at regionen kan fortsette å halde fram som ein internasjonalt leiande sjømatregion. Strategien er ein oppfølging av sentrale tema som er avgjørande for å kunne bidra til å vidareutvikle den marine næringa. Strategien skal etablere noen felles retningar innanfor områder der fylka på Vestlandet kan samlast rundt langsiktig arbeid.

Initiativet til Vestlandsrådet sin marine strategi har vakse fram i dialog med fylkeskommunane (Vest Marin), nettverksorganisasjonar, næringsliv og kunnskapsmiljø i regionen. Strategien er eit svar på fleire pågåande prosessar i regionen. I arbeidet med å utvikle strategien har vi også fått innspel frå utvalde bedrifter og organisasjonar på Vestlandet. Dette har gitt oss verdifull innsikt i næringens behov, og slik sett kvalitetssikra strategien.

Fylkeskommunen har eit breitt og omfattande ansvar for regional næringsutvikling. I tillegg til dei regionale utviklingsprogramma har fylkeskommunane ulike samarbeidsavtalar og partnerskap med ei rekkje aktørar som arbeidar innan regional næringsutvikling; vidaregåande opplæring, bedriftsretta verkemidlar, samferdsel, akvakulturforvaltning, planlegging og utvikling av lokalsamfunn. Desse partnerskapa er viktige for gjennomføringa av strategien for Vestlandsrådet som årleg får tilført midlar frå fylkeskommunane med retningslinjer for forvaltning av desse midla.

Ein felles marin strategi for Vestlandsrådet kan nyttast til å spisse og samordne dei eksisterande verkemidla der ein har påverkingkraft, for å styrke gjennomføringa av strategien.

VestMarin har ein særskilt viktig rolle for oppfølging av strategien i samarbeid med Vestlandsrådet og nettverksorganisasjonar. VestMarin er ein samarbeidsarena mellom dei fire fylkeskommunen med deltaking frå Innovasjon Norge og FHL. Satsinga skal bidra til å effektivisere og forbetre kvaliteten på den næringspolitiske sakshandsaminga, koordinere informasjonsutveksling, kompetansebygging, profilering av næringa og virkemiddelbruk.

## **Overordna målsetjing: *Ei marin klynge i verdsklasse***

Målsetjinga inneber ambisiøse mål om at Vestlandet mellom anna skal vera:

- Fremst på effektiv, bærekraftig og kunnskapsbasert marin næringsutvikling og forvaltning
- Fremst på utdanning, forskning og innovasjon i heile den marine verdikjeda
- Fremst på internasjonalisering og marknadsorientering

## **Delmål 1: Samferdsel og kunnskapsbasert forvaltning**

Vestlandsrådet vil bidra til:

- Betre transportløysingar på land og sjø
- Meir forutsigbare rammevilkår for sjømatnæringa og tilrettelegging av areal på land og sjø for vidare vekst
- Stimulera til fylkesovergripande samarbeid om akvakulturforvaltning, marin næringsutvikling og kystsoneplanlegging

## **Delmål 2: Forsking**

Vestlandsrådet vil:

- Legga til rette for styrking og vidareutvikling av marine næringsklynger, møteplassar og kopling mellom næring og kunnskapsmiljø. Dette skal skje gjennom målretta bruk av eksisterande verkemiddelapparat (Eks. VRI, IN, RFF, samt SIVA, NFR og IN sine programsatsingar og auka satsing på marin forskning i Europeiske forskingsprogram (ERA-net, Horizon 2020 og JPI)).
- Bidra til å byggja opp ein meir moderne marin FoU-infrastruktur som understøtter behova innan grunnleggjande forvaltningsretta og næringsretta forskning.

## **Delmål 3: Marin rekruttering og kompetanse**

Vestlandsrådet vil:

- Styrke og oppretthalde tilbodet av vidaregåande skuler med marine tilbod med vekt på praksisundervisning og fagskule i samarbeid med nærings- og forskingsmiljøa
- Legge til rette for marin ingeniørutdanning på Vestlandet
- Bidra til marine etter- og vidareutdanning på bachelor og master nivå for å heva kompetansenivået og attraktiviteten til sjømatnæringa
- Bidra til økt internasjonalisering av marin utdanning gjennom felles europeiske utvekslingsprogram

## **Delmål 4: Internasjonalisering og marknadsorientering**

Vestlandsrådet vil:

# Vestlandsrådet

- Stimulera til auka marin deltaking i internasjonale forskings- og utviklingsprogram og fora der sjømatnæringa har sine viktigaste samarbeidspartnarar (EU, Kina, Japan, Chile, Vietnam, Skottland).
- Auka samarbeid gjennom fylkeskommunane sine internasjonale kontor, og utnytta det internasjonale apparatet til Innovasjon Noreg og Noregs Forskingsråd
- Støtta opp under etableringa av ei global marin næringsklynge; "Global Centre of Ekspertise" i regi av IN, SIVA og NFR sine nye programsatsingar.
- Påverke europeisk marin politikk gjennom aktiv deltaking i etablerte samarbeidsfora som CPMR og NORA.

## Vedlegg, ordlista:

**ERA-NET**, eit program til programsamarbeid, der europeiske land i fellesskap identifiserer samarbeidsområde, og dermed unngår overlapp mellom forskning som vert utført i regi av nasjonale program i Europa.

**Horizon 2020**, EU sitt forslag til nytt rammeprogram for forskning og innovasjon. Programmet skal bidra til at europeisk forskning, teknologisk utvikling og innovasjon fører til gode løysningar på felles utfordringar i framtida.

**Joint Programming Initiatives (JPI)**, nye europeiske programsatsingar der dei landa som ynskjer det inngår forpliktande samarbeid om forskning. Nasjonale midlar vil dermed brukast i internasjonalt samarbeid. Noreg har fått ansvaret for å leia sekretariatsfunksjonen for det breitt tillagde marine og maritime programsamarbeidet "Sunne og produktive sjøar og hav".

**Verkemidlar for regional innovasjon (VRI)**, Forskingsrådets særlege satsing på innovasjon gjennom samhandling. VRI skal utvikla kunnskap om og evne til samhandlings- og innovasjonsprosessar i regionane, og fremje forskingsbasert innovasjon i norsk nærings- og arbeidsliv.

**Regionale forskingsfond (RFF)**, ei satsing som skal bidra til å utvikla regionalt tilpassa innovasjonssystem. Gjennom å støtte opp om regionalt prioriterte forskningstema skal fondet styrkja utvikling og innovasjon på Vestlandet.

**Innovasjon Noreg (IN)**, eit statleg selskap med et breitt tenestespekter innan områda finansiering, kompetanse, rådgjeving og nettverk. Fylkeskommunane har 49 % eigarskap til IN og gjev årlege bestillingsbrev der dei peiker på oppgåver IN bør ha særleg fokus på.

**Noregs Forskingsråd (NFR)**, eit råd oppretta av regjeringa og eit strategisk organ som er ansvarleg for å fremje og marknadsføre norsk forskning i inn - og utland, forvalte forskingsmidlar, fordele stipend, og gje styresmaktene råd i forskingspolitiske emne.

# Vestlandsrådet

Andre viktige oppgaver er å fungere som møteplass mellom forskarar, brukarar av forskning og dei som finansierer forskning, og å bidra til internasjonalisering av norsk forskning.

**Selskapet for industrivekst (SIVA)**, staten sitt verkemiddel for tilretteleggjande eigarskap, nyskaping og næringsutvikling. SIVA har eit særskilt ansvar for å fremje vekstkrafta i distrikta, og bidrar til vekst i nytt og eksisterande næringsliv ved å tilby unik erfaring og kompetanse kombinert med tilgang til kapital og nettverk.

**Conference of Peripheral Maritime Regions of Europe (CPMR)**, består av 160 regionar langs kysten av Europa. Desse regionane arbeider saman for å sikre at EU sine institusjonar og nasjonale myndigheiter tek omsyn til deira felles interesser, og dei samarbeider om praktiske prosjekt for å styrkje interessene sine.

**Nordisk Atlantsamarbeid (NORA)**, ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråd sitt regionalpolitiske samarbeidsprogram. NORA-regionen består av Grønland, Island, Færøyane og Kyst-Noreg. NORA skal bidra til å styrkje samarbeidet i regionen, for å gjera Nordatlanteren til ein kraftfull nordisk region, som vert kjenneteikna ved ein sterk, bærekraftig økonomisk utvikling.

## Forslag til vedtak:

**Vestlandsrådet vil arbeide for følgende mål:**

### **Overordna målsetjing: *Ei marin klynge i verdensklasse***

Målsetjinga inneber ambisiøse mål om at Vestlandet mellom anna skal vera:

- Fremst på effektiv, bærekraftig og kunnskapsbasert marin næringsutvikling og forvaltning
- Fremst på utdanning, forskning og innovasjon i heile den marine verdikjeda
- Fremst på internasjonalisering og marknadsorientering

### **Delmål 1: Samferdsel og kunnskapsbasert forvaltning**

- Betre transportløyseringar på land og sjø
- Meir forutsigbare rammevilkår for sjømatnæringa og tilrettelegging av areal på land og sjø for vidare vekst
- Stimulera til fylkesovergripande samarbeid om akvakulturforvaltning, marin næringsutvikling og kystsoneplanlegging

### **Delmål 2: Forsking**

- Legga til rette for styrking og vidareutvikling av marine næringsklynger, møteplassar og kopling mellom næring og kunnskapsmiljø. Dette skal skje

# Vestlandsrådet

gjennom målretta bruka av eksisterande verkemiddelapparat (Eks. VRI, IN, RFF, samt SIVA, NFR og IN sine programsatsingar og auka satsing på marin forskning i Europeiske forskingsprogram (ERA-net, Horizon 2020 og JPI)).

- Bidra til å byggja opp ein meir moderne marin FoU-infrastruktur som understøtter behova innan grunnleggjande forvaltningsretta og næringsretta forskning.

### **Delmål 3: Marin rekruttering og kompetanse**

- Styrke og oppretthalde tilbodet av vidaregåande skuler med marine tilbod med vekt på praksisundervisning og fagskule i samarbeid med nærings – og forskingsmiljøa
- Legge til rette for marin ingeniørutdanning på Vestlandet
- Bidra til marine etter- og vidareutdanning på bachelor og master nivå for å heva kompetansenivået og attraktiviteten til sjømatnæringa
- Bidra til økt internasjonalisering av marin utdanning gjennom felles europeiske utvekslingsprogram

### **Delmål 4: Internasjonalisering og marknadsorientering**

- Stimulera til auka marin deltaking i internasjonale forskings- og utviklingsprogram og fora der sjømatnæringa har sine viktigaste samarbeidspartnarar (EU, Kina, Japan, Chile, Vietnam, Skottland).
- Auka samarbeid gjennom fylkeskommunane sine internasjonale kontor, og utnytta det internasjonale apparatet til Innovasjon Noreg og Noregs Forskingsråd
- Støtta opp under etableringa av ei global marin næringsklynge; "Global Centre of Ekspertise" i regi av IN, SIVA og NFR sine nye programsatsingar.
- Påverke europeisk marin politikk gjennom aktiv deltaking i etablerte samarbeidsfora som CPMR og NORA.

Tore Eriksen  
Fylkesrådmann

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*